

FRÅSEGN – saksnr. 202320330

Ang.

Tilleggsutgreiing villrein til Lyse Kraft sin konsesjonssøknad for opprusting og utvidelse av kraftverkene i Røldal-Suldal – datert november 2025

Generelt

- A Norge har forplikta seg til å ta vare på den raudlista arten villrein
- B Norge har signert FN sin naturavtale om vern og restaurering av natur
- C Ein må registrera kva Røldal til no har tapt av natur og kultur
– **TÅLEGRENSE? - RESPEKT?**
- D Grunnlova § 112 – kor mykje har me moralsk rett til å øydeleggja for etterslektene?

Om utgreiinga

Rapporten er stor og kompleks, og har ein skjematisk metodikk, der tabellane ofte tilslører konklusjonane. Rapporten burde og vore kvalitetssikra mot feil - nokre døme:

- side 19 vasstilførsel til Votna er ikkje berre frå Grubbedalstjørn
- side 20 «alternativ rute over Heialeite»
- det er ikkje semje om denne livsfarlige ruta i 1.030 meters høgde
- side 71 trekkområde 8 – nesten loddrett fjellside, **absurd**
mange stader vert det skrive Ulevåbort – her er det vel meint Ulevåbotnen.

Diverse tema

E134 – det virkar ulogisk at ein drøftar E134 «i dagen» - **det er semje om tunell.**

Randområde – Votna med tilhøyrande område ligg i randområde for villrein både frå Hardangervidda og Setesdal-Ryfylke. Det er viktig å verna desse områda, erfaring viser at desse randområda ofte gjev god beitetilgang.
Øydelegging av område bit for bit må stansast!

Votnamagasinet – dersom vannstanden skal kunna variera 4 meter i døgeret, vil dette bli livsfarlig for folk og dyr. Landlaus is, og isflak på land vil vera feller der ein kan detta nedi, setja seg fast, eller drukna i meinsis og råker. Gjennom 60 års erfaring har lokalkjende tilpassa seg farane ved ferdsel på isane slik det er no. Pumpekraftverk vil medføra at heile magasinet blir utilgjengeleg i omlag 7-8 månader i året. Dalsidene er prega av bratte skrentar og stup, særleg ved Gautheller og Kvelvarusta – godt illustrert i rapporten side 84, ferdsel på sidene er derfor ikkje mogeleg. Pumping og tapping vil gjera magasinet til eit livsfarleg område både sommar og vinter, der hverken folk eller dyr er velkomne.

Reinen sin bruk – det er vanleg at reinen trekkjer til Votna frå områda i sør, Blåbergdalen, over Austmannetjørna og vidare, der namna fortel – Reinskelven, Reinsvatnet, Reinsvadet, Reinshølen. Reinen finn avblåsne parti i Gauthellernuten, ved Gautheller, Staven, Svandalsflona – kfr rapport side 28. Når E134 blir lagt i tunell, er det naturleg trekk mot Tarjebudalen, Middyr, Høljanosa. Det er i rapporten stilt spørsmål om reinen trekkjer på isen, dette er dokumentert i vedlagte bilder.

Avbøtande tiltak?

Reguleringsrestriksjoner

På side 86 blir det drøfta om ein kan styra regulering for å stabilisera isforhold. Dette er vel ein tankegang som ikkje passar så godt med pumpekraft sin funksjon, der vannstandsvariasjon på 4 meter i døgeret, i tråd med prisenivå, er tenkt som ein normal.

Terskel? - det er litt uklart korleis det er tenkt at ein terskel skal fungera – skal reinsdyra kryssa på sjølve terskelen, eller på trygg is på Grunnavatnet?

Det blir vist til mogelege ledegjerde, dette kan virka litt teoretisk for villrein – samling av tamrein er vel noko anna. Dersom reinsdyra kjem frå sør/Kaldevatnet, er det meir naturleg å kryssa nærare Midtlægeret. Skal dyra skal ledast inn på utstikkaren på sørsida av Grunnavasshølen, trengs det opplæring. Det er på side 88 omtalt «sikring av typiske faresoner» - her kan ein kommentera at RSK prøver å unndra deg konsesjonsplikt dei i dag har for å sikra tilkomst for menneske på islagde magasin.

Dette terskelprosjektet er mildt sagt teoretisk.

Passering vest for Votnadammen

«Massedeponering og revegetering av deponi» - side 88. Dette området blir eit steindeponi, med vegar og tilkomst til lukehus. Om ein revegeterer einskilte flekker vil området likevel vera øydelagt både for stølsdrift og reinsdyrtrekk.

Vei eller ferdsel over isen inn Valdalen – side 90.

Det er ikkje semje om å ha tilkomst over Heialeite, dette er ein usikker og farleg trase i 1.030 meters høgde. Denne tilkomsten vil og vera i sterk konflikt med villreinsområde vest for Valdalsmagasinet – kfr. registreringskart på side 72 i rapporten. Her er ein i rapporten inne på eit viktig poeng – at løysing for rassikker vei skal i minst mulig grad koma i konflikt med villreinhensyn.

Dersom ein koblar usikker is på Valdalsmagasinet, med omsyn til villrein, så er det ei løysing å laga tunell frå Hyttejuvet til Grøvestølen.

Sluttord

Rapporten omhandlar tema «å ta vare på villrein», vil med dette opplysa om at mange av desse forholda også gjeld menneske som bur og ferdast i områda.

Rapporten påviser enorme skadeverknader for villrein, natur, miljø – og menneske.

Røldal har allereie ofra altfor mykje – pumpekraftverk må aldri bli bygd!

Røldal 29.01.26 - Sondof Rabbe


Sondof Rabbe




Spor etter reinsdyr ved Gautheller



Reinsdyr på isen, ved Reinshølen



Votna – slik det var – med 5 vatn og rolege stryk mellom



Votnamagasinet i dag – bratte dalsider/barrierer Gautheller og Kvelvarusta – uframcomeleg her